



Notat

Dato: 16.12.2014
Arkivsak: 2014/24511-1
Saksbehandlar: heifol

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

HFK si rolle vedkomande russefeiring.

Fylkesrådmannen viser til Opplærings- og helseutvalet sitt møte 02.12.2014, der Anette N. Dybvik stilte spørsmål vedk. informasjon til dei vidaregåande skulane om avvikling av val av Hovudrussestyre for Bergen og omeign.

Hordaland Fylkeskommune starta i 2001 eit arbeid vedk. russefeiringa ved dei vidaregåande skulane i Hordaland Fylkeskommune. Russefeiringa hadde i fleire år vore prega av uroleg skulekvardag og dårlig læringsmiljø for avgangselevane og skulesamfunnet elles. Russetida var ikkje regulert og kunne difor verte svært lang. Det var ikkje noko klårt skilje mellom russefeiringa og skulekvardagen. Det var og ein stor del av elevane som gjorde dårlige skuleprestasjoner i på grunn av russefeiringa. Vidare vart det vurdert at potensialet for trafikkulukker hjå russen var stort.

Fylkesrådmannen viser i den samanheng til møteprotokoll frå møte i Komite for næring og utdanning 20.08.2002, der det vart vedteke at det skulle setjast i gang arbeid med ulike sider av russefeiringa.

Dette arbeidet skulle

- a) sikre tryggleiken til russen
- b) sikre så gode skuleprestasjoner som mogeleg
- c) korte ned på lengda på russefeiringa

Det kom fram i saka at dersom russen sjølv ynskte det, burde dei få naudsynt informasjon og hjelp til å etablere organisasjonen sin i Bergen.

Det vart etablert ei «russegruppe» samansett av representantar frå HFK v/opplæringsavdelinga, skuleleiinga, Elevorganisasjonen, Politiet og Trygg Trafikk. Det årlege Hovudrussestyret for Bergen og omeign vart invitert til å delta som ein viktig aktør.

Det vart lagt vekt på at det var ein viktig føresetnad for at arbeidet skulle lukkast at det var ein open og god dialog mellom samarbeidspartane.

Hovudrussestyret er ein eigen organisasjon/eit eige institutt som ikkje høyrer inn under fylkeskommunen.

Samarbeidet i «russegruppa» har gjeve gode resultat i høve til tryggleiken til russen, rammene rundt sjølve russefeiringa og elevane sine skuleprestasjonar.

Lengda på russefeiringa er avgrensa i tråd med Utdannings- og forskingsdepartementet sine føringer frå 2001. Det er og eit klårt skilje mellom skuletid og russefeiring. For å klargjere forhold rundt russefeiringa vert det på kvar skule signert skriftlege avtalar mellom russen og skuleleiinga. Desse avtalane er i tråd med det felles ordensreglementet for dei vidaregåande skulane og vert sendt til opplæringsavdelinga for informasjon og «forankring».

Hordaland Fylkeskommune som skuleigar legg til rette for val av Hovudrussestyre for Bergen og omeign etter russen sitt eige ynskje. Ved valet vert rom stilt til disposisjon, og russen sjølv står for valet.

Fylkessdirektør opplæring informerer skulane kvart år om valet i eit brev, som dei siste åra har vore lagt ut på Fylkeskommunen sine intranett-sider. Skuleleiinga informerer elevane om tid og stad for valet.